

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
014/16	Plan- og miljøutvalet	PS	17.02.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Benjamin Hicks	15/1768

## Klage på dispensasjonsvedtak vedrørende etablering av veg - gbnr 133/86 Soltveit søndre

### Vedlegg:

Klage på avslag på søknad om etablering av veg - gbnr 133/86 Soltveit søndre  
Søknad om dispensasjon for etablering av veg - Gbnr 133/86 Soltveit søndre  
Søknad om løyve i eitt-trinn gbnr 133/86 Soltveit søndre  
Opplysningar om tiltakets ytre rammer  
Nabovarsel med kvittering  
Situasjonsplan  
Teikningar - profil  
Søknad om ansvarsrett  
Gjennomføringsplan  
Kopi av søknad til vegavdeling LK  
SkjøteOriginal søknad- og avslagsbrev  
Søknad om dispensasjon - GBNR 133/86 Soltveit søndre - strandsone  
Søknad om dispensasjon - GBNR 133/86 Soltveit søndre - LNF  
Vedr. søknad om dispensasjon - Gbnr. 13386 Soltveit søndre - veg  
Vedr. søknad om dispensasjon - Gbnr 133/86 Soltveit søndre  
Kart  
Vedr. søknad om dispensasjon - Gbnr 133/86 Soltveit søndre  
Uttale avkjørsle nr 2 frå kommunal veg - gbnr 13386

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune sitt vedtak datert 02.12.2015 vert oppretthaldt. Klagen vert ikkje teke til fylgje. Klagen vert oversendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

### Plan- og miljøutvalet - 014/16

#### PM - behandling:

#### Framlegg frå Sæbjørg H. Kjeka-Krf:

Plan- og miljøutvalet utset saka og ber om synfaring.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### PM - vedtak:

Plan- og miljøutvalet utset saka og ber om synfaring.

### **Saksopplysningar:**

#### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet.

### **Historikk:**

#### Vedtak i sak 088/15 (02.12.2015):

##### **PM - vedtak:**

Søknad om dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen (LNFR) og pbl § 1-8 (100 meters beltet mot sjø) for anlegg av veg vert avslått.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket har heimel i § 11-6 og pbl § 1-8.

### **Bakgrunn**

Eigar av gbnr 133/86 og 133/23 (Arve Olav Kjølraug) har klaga på plan- og miljøutvalets vedtak i sak 165/15. Klagar søkte opphavleg om dispensasjon for å kunne bygge ny tilkomstveg fram til gbnr 133/86 (bustad) og 133/23 (fritidsbustad). Han ville i tillegg behalde dagens avkøyrsløse til bustaden slik at denne får to avkøyrsløser.

### **Vurdering**

Klagar har opplyst at han trekker søknaden om to avkøyrsløser til Gbnr 133/86. Han meiner at dette også medfører ein reduksjon av inngrep i terrenget.

#### Til klagen:

Klagar har i all hovudsak kome med fylgjande moment:

- Klagar meiner at framlagt løysing medfører «svært begrenset» terreng inngrep. Klagar opplyser at gbnr 133/23 ikkje har «vegrett til veg som administrasjonen har foreslått å benytte».
- Klagar meiner at eit positivt vedtak vil ikkje medføre presedens. Klagar opplyser at «i området som fritidsboligen ligger i er det nå kun en fritidsbolig som blir benyttet som fritidsbolig. De andre er overtatt av personer som bor i området, og blir ikke benyttet som fritidsbolig.» Han har ein intensjon av å endre bruken av fritidsbustaden til bustadføremål.
- Klagar seier at han er eigar av gbnr 133/5 og har ingen andre planer for dette området. Vegen vil soleis ikkje kune hindre ein framtidig utvikling av areala i området.

*Kommunen kan opplyse at eigar av gbnr 133/5 har den 01.12.2015 søkt om frådelling av ein parsell på om lag 2200 m2 til bustadtomt og tomt til naust på om lag 300 m2. Vi vil også vise til at det er fleire fritidsbustader i området som ikkje har køyretilkomst i dag. Vi vil også vise til at administrasjonens alternative løysing gjeld ny veg over areal som klagar eig (gbnr 133/86 og 133/5).*

*Kommunen kan ikkje sjå at det er kome inn nye moment som skulle tilseie ei endring av tidlegare avgjerd.*

